

Ferdigheit:	Å sleppe andre inn
 1 Kva? 	- Veldig mange har opplevd å liksom vere inkludert i noko, men det kjennest ikkje som ein er heilt med likevel. Ein sit i ei gruppe, men ingen ser på deg, spør kva du meiner, eller er opptatt av kva du har lyst til. Ein er med og ikkje med på same tid. - Kva tankar og kjensler kan dukke opp når dette skjer? («Dei andre bryr seg eigentleg ikkje om meg.» «Eg er visst usynleg.» «Eg er ikkje viktig for dei andre.») Fortel: Her i klassa vår vil vi at alle skal kjenne at dei både har verdi og at bidra deira er verdifulle for laget vårt. Derfor skal vi trene på korleis vi slepper andre inn!
 2 Kvifor?	Kvifor er det lurt å øve på dette? Kven er det bra for? - Bra for meg/deg: fordi alle kan føle det slik av og til. - Bra for oss: fordi vi får det betre saman og lærer meir!
  3 Korleis?	- Kva tenkjer de er lurt å seie eller gjere for å gi kjensla av å bli sleppt inn på ekte? Det handlar både om å invitere inn og å gjere plass. Å seie «ver med då» eller «kom hit til oss» er ganske lett, men korleis vi seier det, og korleis vi viser med blick og kroppsspråk at vi meiner det, kan vere vanskelegare. - Kva gjer elevane på bildet for å gjere plass?
 4 Øv!	Det kan vere nyttig å gjere ei øving der ein er 3 eller 4 saman, og så er det kvar sin tur å vere den som blir ignorert/som luft av dei andre. Ta i så fall rolla som tidtakar slik at elevane ganske raskt byter roller. Det tek ikkje mange sekund før ignorering gjer vondt – også i rollespel. Så øver de på dei gode måtane rett etterpå: Øv i små grupper på å vise korleis ein slepper andre inn når: - nokon kjem bort til ei gruppe som snakkar saman rundt eit bord - nokon kjem bort til nokon som held på med ein aktivitet - nokon spør nokon om å få vere med på noko - nokon prøver å seie noko, men ikkje heilt kjem til de lagar planar for kva de skal gjere i friminuttet
 5 Prøv!	Framover skal vi prøve å sleppe kvarandre inn slik her i klassa vår!